

Kyrkjelydsblad for Arna

NR.7

NOVEMBER 1980

13. årgang

Gud lar sitt ord bli forknyt på Haukeland og Unneland

«Mesteren er her og kaller på deg». Han kaller deg til gudstene-ste for å høre hans ord. For «men-neske lever ikke bare av brød, men av hvert ord som kommer fra Guds munn». (Matt.4.4) Trenger du høre Guds ord? Høre om Guds kjærighet som overgår all for-stand? Jesus sier: «Hva vil du jeg skal gjøre for deg?» (Luk.18.41). For et tilbud!

«Be så skal dere få så deres gle-de skal bli fullkommen». (Joh. 16.24). I Fil. 4.4 står det: «Gled de-re i Herren alltid. Atter vil jeg si det: gled dere!» Forbindet du Gud med glede? «Gledens Herre...» slik begynner et av bordversene våre. Ja, Gud er de ekte gleders Herre. Han gir en glede som holder — også i døden. Møt gledens Herre! Kom og hør hans ord! «For der to eller tre er samlet i mitt navn, der er jeg midt iblant dem.» (Matt. 18.20)

Gudstenester på Haukeland og Unneland

Som tidlegare meldt i kyrkjelydsbladet, har ei nemnd saman med soknerådet vore i arbeid for å ha gudstenester på Haukeland/Unneland. Initiativet til dette kom frå dei som bur i det om-rådet. For fleire tiår sidan var det gudstenester på Haukeland, så dette er ikkje noko heilt nytt.

No er ein kome så langt at det er i orden, og første gudstenesta vert 9. november kl. 16.30 på Hauke-land gamle skule. Det vil verta ei gudsteneste i månaden, og ein vil veksle mellom å vera på Hauke-land gamle skule og Unneland bedehus. Med den gudsteneste-ordninga som gjeld for prestegjel-det, vil det vera uråd å ha gudste-nester sundag føremiddag, det vert kl. 16.30 i staden.

I tida framover er det fastsett gudstenester desse dagane:

9. november	Haukeland
7. desember	Unneland
11. januar	Haukeland
8. februar	Unneland
1. mars	Haukeland
5. april	Unneland

Vi presenterar

BETANIA YNGRES



Bergfrid Almelid

Eit av dei kristne ungdomstilboda i Arna, er Betania Yngres på Lone. Alle mellom 13 og 19 år er hjarteleg velkommen til å stikke innom bedehuset på Lone, mandager kl. 19.

Den nyvalde leiaren for yngreslaget er 2. gymnasiasten Bergfrid Almelid, og kyrkjelydsbladet har hatt ein liten prat med henne om arbeidet.

—Kva ser du som yngres sine oppgåver blandt ungdommen i Arna i dag?

—Først og fremst å bevare den kristne ungdommen for Kristus, men sjølv sagt og å få nye med i Guds rike. Ei anna viktig oppgåve er å skapa eit sosialt, godt samvær, der det er plass for alle. Eg vonar at vi i fellesskap kan laga eit yngres der ingen føler seg utanfor.

—Korleis legg yngres opp arbeidet sitt?

—I hovudtrekk alternerer vi mellom ya-møter og ya-treff.

På ya-møtene er møtet lagt opp som eit reint oppbyggeleg samvær. I ya-treffet gir vi plass til humoristiske innslag, i tillegg til at vi sel hot dog og brus til rimelige prisar. Ellers har vi bilgrupper, båtturar (deltakarane stiller opp utan å vita kvar turen ber), fjellturar week-ender, (supre, altså!) ya-stemner, der vi har kjempeopplegg, sang og musikkvelder, og ikkje å gløyme, ya-selskapa. På ya-selskapa samlast vi ikking heimane til sosialt samvær. På desse selskapa er det litt «finare» servering, og litt mosjon for lattermusklane. Men vi gløymer ikkje på nokre av samankomstane våre at Guds ord står i sentrum.

—Er det noko du gjerne vil be Arna-folket om?

—Ja, eg vil ynskje at de kunne be for ya-arbeidet vårt, og anbefala det for ungdommer i den aktuelle alder. Spesiellt dette med forbøn er viktig.

Heilt til slutt vil eg minna om nokre ord i Jes. 40.31. Dette ordet har vorte til stor hjelp for meg. Poenget her er at for å få Guds kraft skal vi ikkje venta på krafta i seg sjølv, men venta på Herren. Ofte er det jo slik at vi ventar på Herrens kraft, og gløymer han vi eigentleg skulle venta på, Herren.

Kyrkjeskyss

Frå Bergen-Hardanger-Voss Bilag A/S er det kome melding om at vinterrutene er endra slik at dei som vil til kyrkje i Indre Arna til vanleg kyrkjetime kl. 11, vil få høve til det.


Rutene er sett opp slik:

Frå Haukeland	10.35
Frå Espeland	10.37
Til Indre Arna	10.45
Frå Arna stasjon	12.35
Til Espeland	12.45
Til Haukeland	12.50
Frå Trengereid	10.05
Frå Y.Takvam	10.15
Frå Tunes	10.20
Frå Garnes	10.35
Til Arna bomm.	10.30
Frå Arna stasjon	12.35
Til Garnes	12.40
Til Tunes	12.45
Til Y.Takvam	12.48

Billaget skriv at dei vonar dei nye rutene vil verta til glede for dei reisande og at bussane vert nytta slik at vi også i framtida kan få desse rutene.

Vi vil nytte høvet å takka billaget for desse endringane, og stø det som er sagt om at kyrkjelyden nyttar bussane slik at rutene kan halda fram.

Diakonutvalet.



FAMILIEMØTE

For første gong skal Arna Yngres/Yngstes ha familiemøte i Arna Bedehus. Det vert sundag 9. nov. kl. 17.

Tale av lærar Steinar Vågenes og song av «Barnerøster». Store og små er velkomne.

JULEPAKKAR TIL SJØFOLK

Sundag 9.nov. vert det kveldsgudsteneste med innsamling av julepakkar til sjøfolk i Ytre Arna kl. 18.00. Sjømannsprest i mange år, no heimesekretær i Sjømannsmisjonen Halfdan T. Bondevik vert med. Sjøfolka set umåteleg stor pris på å få pakkar med helsing frå Noreg julekvelden. Difor vonar vi også at mange vil vera med å gje pakkar. Det vert også høve til å gje pengar slik at andre kan laga i stand pakkane.

KVELDSGUDSTENE STE MED DÅP

Ein onsdag i månaden er det i Arna kveldsgudsteneste kl. 19. Det er ei gudsteneste for heile kyrkjelyden. Desse gudstenestene vert som vanlege gudstenester med litt forenkla liturgi, og det vil også verta høve til å ha dåp. Dei er ikkje tenkt berre for dei som vil ha dåp, så vi vonar også at fleire fra kyrkjelyden vil vera med. Neste gudsteneste vert 26. nov. og dei vert kunngjort i preikelista.

LYSMESSE

I år vert det lysmesse både i Arna og Ytre Arna kyrkjer, begge stader 30. nov. kl.19.00. Sjølv om desse er lagt opp særleg med tanke på dei unge, er alle i alle aldrar velkomne.

Frå Kyrkjeboka

ARNA SOKN

Døypte:

10/6: Inger Marie Duesund
24/9: Kristian Arnesen, John-Fredrik Grøttem Solberg, Sebastian Bergstrøm, Eirin Marie Skjøndal Sæterdal, Agnethe Holsen, Irene Ørjansen.
28/9: Kristine Solberg, Beate Christin Ramm Stephansen, Maryann Elisabeth Stephansen, Sigve Gunnarskog, Kristian Haga, Svenn Terje Birkelid.
28/9: Linda Ronæs døypt i Birkeland Kirke.

5/10: Astrid Marie Torma, Kristine Tesdal, Sunniva Birgitte Hasselgren Skorve.

12/10: Thor-Eirik Lodtz.

YTRE ARNA SOKN:

17/8: Jan Preben Jørgensen, døypt i St. Markus.
21/9: Karen Anne Holmefjord.
19/10: John Francis Sandvik Mc Auley, Merete Berge Haugland.

ARNA SOKN

Vigde:

Hamre Kyrkje 16/8: Rune Johanson og Solfrid Karin Reigstad.

20/9: Pål Selliken og Magnhild Velure.

27/9: Arild Mykkeltveit og Kari Johanne Øvstedral.

11/10: Geir Hugo Jacobsen og Rita Elin Juvik.

ARNA SOKN

Døde:

14/9: Ingeborg Mathilde Gatland f. 1912.

18/9: Inge Smalås f. 1922.

20/9: Olav Borge f. 1898.

24/9: Berta Sjurseter f. 1904.

26/9: Ole Thunestvedt f. 1892.

4/10: Hilda Handeland f. 1901.

Ytre Arna sokn:

Hans Olai Skulstad f. 1912.

Kyrkjelydsturen

gjekk i år til Øygarden. 93 «friske» deltagarar møtte fram tidleg sundagsmorgonen i regn og blåst. Men også i slikt ver kan ein gjerne reisa på tur.

Dei som hadde lagt turen til rette hadde gjort eit godt arbeid, og med Bjørg Hellesøy i spissen som lokalkjent guide gjekk det heilt fint.

Takvamstemne

Nenda for Takvam kapell innbaud folk frå Skyggjestrond og Solstrand til stemne i kapellet 31.8. Takvam var gravplass for folket på Solstrand heilt til 1972. Som i gamal tid kom folk over fjorden i båtar, og fylte kapellet og mykje meir enn det.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi ute — og sidan plassen i kapellet er så liten, hadde ein sett opp telt til å setja maten i. Folket på begge sider av fjorden sette pris på stemnet, og ein tenker å ha det annakvart år.

Presten
har
ordet



Be for kvarandre

Vi gler oss over at mange idag arbeider for at bøn skal få ein lang meir sentral plass i den einskilde kristne og kyrkjelyden sitt liv. Vi ser det også mellom oss her i Arna. Ikke minst gledeleg er det at ein del unge er opptatt nett med dette. Nokre av dei samlast på skulen før undervisninga tar til om morgenon. Og no oppmodar dei folk i kyrkjelyden til å vera med å be i kyrkja kvar tirsdag kl. 20. Samstundes gløymer vi naturlegvis ikkje dei mange trufaste kristne som har bore Guds rike fram i sine bøner frå år til år.

Idag vil eg spesielt nemne bøn for andre. Noko av det som har gitt inspirasjon og kraft i tenesta mi, er at eg har møtt menneske som seier: «Vi ber for deg.» Guds ord seier det slik i Jakobs brev, kap.5, vers 16: «Be for kvarandre så de kan verta lakte.»

Du kan be for andre når du er for deg sjølv eller når du ber saman med andre som du kjenner. Det er også ein del som har spurt om vi ikkje kan ta konkret forbøn for andre inn i gudstenesta, og det er det fullt høve til å gjøre. Dei nye kyrkjebønene gjev høve til å nemne

konkrete, aktuelle bøneemne. Der som nokon ynskjer forbøn i kyrkja, kan denne sjølv eller nokon annan nemne det med presten, og vi skal ta det med når kyrkjelyden samlast til bøn.

Sjølv om mange er framande for kvarandre i ein så stor kyrkjelyd som Arna, skulle det likevel vere naturleg at vi ber for kvarandre når kyrkjelyden samlast.

Øyvind Øy

Innsamling av offer i kyrkjebenkane i Arna Kyrkje

Arna sokneråd har drøfta spørsmålet om innsamlingsmåten av offer i kyrkja. Dei har vedteke at offeret til vanleg skal samlast inn i benkane. Dette er i samsvar med retningslinjene for den nye høgmesseordninga der det heiter: «Til vanleg sender ein, når offeret skal samlast inn ein djup pose, korg e.l. frå person til person i kyrkjebenkene. Gåvene vert til slutt borne fram og lagde på altaret.»

Denne måten å samle inn offeret på har alt vore i bruk i fleire kyrkjelydar, og dei er godt nøgde med ordninga. Medan offeret vert teke opp kan vi synge ein salme eller organisten kan spele eit stykke på orgelet. Når offeret er lagt på altaret, vert det bedt ei bøn om Guds velsigning over gåvene.

Til neste side

SIDAN SIST

Soknemøte i Arna: Etter gudstenesta 21.9. var det soknemøte om målforma i gudstenestene. Soknerådet gjorde framlegg om at det skulle vera høve til å «halde inntil 10 gudstenester for året med bokmålsliturgi i Arna kyrkje». Ved avrøysting røysta 103 imot dette framlegget og 29 for. Det vert difor ingen gudstenester med bokmålsliturgi i Arna.

Sjølv om innsamling av offer i benkane no vert det vanlege, vil det like vel framleis ved ymse høve vere naturleg å ta offring på altaret, t.d. ved familiegudstenester og høgtidsdagar.

Vi vonar at vår kyrkjelyd vil gjere dei same positive røynslene med denne ordninga som andre har gjort.

Arna Sokneråd

ARNA SPAREBANK
Indre Arna - Espeland - Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 113 år.

Misjonsdagar i Arna: Over heile prestegjeldet vart det i tida 3.-12. okt. halde ei rekke misjonsmøter. Dessutan vart også skulane vitja slik at elevar fekk informasjon om misjonsarbeidet. I misjonsoffer kom det inn kr. 8.200. Det var arbeidarane frå Det Norske Misjonsselskap som hadde møta.

Skulegudstenester: Ei nemnd med representantar frå skulane og kyrkja har vore i arbeid for å drøfta samarbeidet i kyrkje-skule. Dei første resultata har alt kome — i haust har det vore ei rekke skulegudstenester. Desse gudstenestene har vore lagt opp slik at elevane har vorte aktivisert på førehand med teikning, innsamling av frukt/grønnsaker og innøving av songar og andre innslag i gudstenesta ved elevane. Gudstenestene har vore lagt opp som hausttakkefestar. Når elevane sjølv har fått vore med både i førebuing og gjennomføring, har dei opplevd det meir meiningsfullt og fått læra meir.

**ARNATVEIT
AUTO SENTER**

J. B. Myklestad
5260 INDRE ARNA
Telefon 24 07 40 — Privat 22 69 01

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm. Fossqt. 11, tlf. 23 20 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**ESPELAND
GARTNERI**

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYÅ**

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

**Assurandør
OLAV A. HOVDEN**

Er autorisert rådgiver i forsikring. Han hjelper Dem med alt innen forsikring, finansiering, og leasing. Ring, stikk innom eller send noen ord.

Storebrand Idun
forsikkerhets skyld
Postboks 17, 5260 Indre Arna
Telefon 24 15 32 — Privat 28 08 11

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss De også. Vi gir god service.

Kversøy Bilforretning
ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S
Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnateit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleiveland
5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Velkommen til kyrkje

9. nov.:

ARNA kl. 11.00, res. kap. Sundsbø, Barnevakt. Offer til Santalmisjonen.
YTRE ARNA kl. 18.00, res. kap. Sundsbø og heimesekretær Bondevik.
Pakkeinnsamling til sjøfolk.

TRENGEREID KAPELL kl. 11.00, sokneprest Øy.

HAUKELAND kl. 16.30. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Unneland skulekor og søndagsskuleborna tek del.

16. nov.:

ARNA kl. 11.00. Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Ådnemarka barneforening tek del.

YTRE ARNA kl. 11.00, res. kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Santalmisjonen.

23. nov.:

ARNA kl. 11.00, res. kap. Sundsbø. Nattverd. Arna Kyrkjekor. Barnevakt. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

YTRE ARNA kl. 11.00, sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

26. nov.:

ARNA kl. 19.00, kveldsgudsteneste v/sokneprest Øy. Dåp.

30. nov.:

ARNA kl. 11.00, sokneprest Øy. Kyrkjekaffi. Barnevakt.

ARNA kl. 19.00. Lysmesse. Arna Ten Sing. Offer til Norges Kristelege Ungdomsforbund.

YTRE ARNA kl. 11.00, res. kap. Sundsbø.

YTRE ARNA kl. 19.00. Lysmesse.

7. des.:

ARNA kl. 11.00, res. kap. Sundsbø. Nattverd. Barnevakt. Offer til Bjørgvin stiftssenter.

ARNA kl. 16.00. Barnekor og Musikkorps. Andakt.

ARNA kl. 19.00. JULEKONSERT. Arna Kyrkjes Messingensemble, Arna Kyrkjekor og Arna Orkesterforening dir. Paul Leithaug.

YTRE ARNA kl. 11.00, sokneprest Øy. Nattverd. Barnevakt.

UNNELAND kl. 17.00. Lysmesse.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10 — 11.30

Torsdag kl. 17.30 — 19.00

Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Tysdag 17.00 — 18.00 og fredag 09.00 — 10.00.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle, Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

PRIORITERT BLAD